

TILTAK MOT



MOBBING

Geiranger skule og barnehage 2012

Forord

Handlingsplanen mot mobbing er eit produkt som skulen, barnehagen, foreldra og elevane står bak. Vi ønskjer med dette å gi eit tydeleg signal om at vi ikkje tolererer noko form for mobbing.

Skulen og barnehagen skal spele ei aktiv rolle i det forebyggande arbeidet mot mobbing, og det er viktig at foreldra vert aktive medspelarar her.

*Alle elevar har ein lovfesta rett til eit godt fysisk og psykososialt skulemiljø. Dvs. at alle har ein rett til ikkje å bli sjikanerte gjennom krenkjande ord og handlingar som **vald, rasisme, diskriminering og utestenging**.*

Både elevar og foreldre bør vende seg til skulen dersom dei meiner at skulen ikkje tek vare på dei rettane elevane har etter kap 9a i opplæringslova.

Elevar og foreldre kan sende ei klage til skulen dersom dei meiner at skulen ikkje tek meldinga alvorleg.

Saka skal då handsamast som eit enkeltvedtak.

Ansvaret for å ta tak i mobbing som er knytt til skule og barnehage ligg hos eininga. Tolkinga av kva som høyrer til, eller ikkje høyrer til, i skule og barnehage kan av og til vere vanskeleg. Slike høve må vurderast i kvar einskilt sak.

Dersom problem oppstår i andre sammenhengar, er det viktig at foreldre tek tak i dette og gjer sitt beste for å løyse problemet.

Ein handlingsplan vil truleg ikkje vere fullgod med tanke på korleis ulike konfliktsituasjonar kan ytre seg i framtida. Det er difor viktig at både foreldre, born og skule/barnehage står saman både i det forebyggande arbeidet, og at vi gjennom felles løysingar viser at mobbing ikkje bør finnast.

Gjennom ulike tiltak i denne planen ønskjer vi å vise korleis eininga i lag med foreldre kan utvikle og styrkje den sosiale kompetansen hos borna. Gjennom barnehagen og skulen sine planar skal det til ei kvar tid dokumenterast kva som blir gjort i det forebyggande arbeidet.

Kva er mobbing?

Med mobbing forstår vi fysisk og/eller psykisk vald retta mot eit offer, utført av einskildpersonar eller grupper.

Mobbing føreset eit ujamnt styrkeforhold mellom partane, offer og plagar, der den som vert utsett for dei negative handlingane har vanskeleg for å forsvare seg.

Ein brukar ordet «mobbing» når episodane skjer igjen og igjen over tid.

Ei hending som rammar ein person ein enkelt gong kan også ha karakter av mobbing.

Roland/Vaaland

Kvar einskilt barn som kjenner seg mobba har rett til å vende seg til skulen og be om at noko blir gjort med problemet. Dette kan også foreldre gjere på vegne av sine born i barnehage og skule.



Førebygging av mobbing

Målsetting: *Geiranger skule og barnehage vil gjennom undervisning og andre tiltak arbeide for å førebyggje, samt aktivt medvirke til at mobbing ikkje skal forekome*

Skule, barnehagen og SFO som felles arena:

- * Dei vaksne skal vere tydelege leiarar og rollemodellar
- * Syte for klare reglar for kva som er lov og ikkje lov
- * Ha faste rutiner frå første dag
- * Vektlegge det fysiske miljøet ute og inne for å skape trivsel og eigartilhøve til eininga vår.
- * Så langt råd bør utemiljøet ha eit tilbod til alle m.o.t leik og avkopling.
- * Morgensamling for alle 1 gong pr. månad
- * Julefrukost, påskelunch, andre fellesarrangement.
- * Sikre ein god overgang mellom skule og barnehage (eigen plan)

Skulen:

- * Arbeide *systematisk* med program for sosial trening.
- * Minst to elevsamtalar pr. halvår der klassemiljø og trivsel er tema
- * Elevundersøking 1 gong pr. år
- * Ha klasseforeldremøte og foreldresamtale så raskt som råd etter skulestart der eitt av tema er «klassemiljø».
- * Skape eit aktivt elevråd/klasseråd.
- * Matglede
- * Klassefestar
- * Årleg fokus på «nettvett» og bruk av «sosiale medier».
- * Dei som har vakt i friminutta skal ha eit særleg fokus på at mobbing ikkje skjer
- * Minne dei større elevane på at dei har eit ansvar med å sjå til at dei som er mindre har det ok på skulevegen.

Barnehagen:

Å jobbe med førebygging av mobbing i barnehagen handlar i stor grad om haldningsarbeid, både i barnegruppa og i personalgruppa.

I barnehagen skal vi:

- Gjennom leik og kvardagsaktivitetar arbeide for å byggje opp sosial kompetanse og utvikle empati.
- Skape eit inkluderande miljø som ber preg av omsorg, varme og humor
- ⑩ Vere aktive og tydelege vaksne – korrigerer og setje klare grenser for kva handlingar som er uakseptable – støtte og anerkjenne borna undervegs i samspelssituasjonar. Meistring og glede er viktig.
- ⑩ Ta borna sitt perspektiv – samtidig vere grensesetjar og gripe inn i situasjonar når det er nødvendig.
- ⑩ Arbeide for eit godt samarbeid med foreldre – både formelt og uformelt.

Konkrete tiltak:

- ⑩ Dialog med foreldra, vedr. borna sin trivsel. Dette skjer i formelle samtalar – men like viktig i dei daglege bringe- og hentesituasjonane.
- ⑩ Systematiske observasjonar av den «frie leiken» - desse skal «fram i lyset» på personalmøta – og fungere som grunnlag for refleksjon over enkeltbarnet sin trivsel og plass i det sosiale fellesskapet. Samværsmonsteret mellom borna blir også drøfta her.
- ⑩ Vennskap som gjennomgangstema.
- ⑩ Korrigerer enkeltbarnet for negativ handling.
- ⑩ Gi borna positive kommentarar i «gode samspelssituasjonar».

Skulefritidsordninga – SFO

- * Aktivitetane der skal ha fokus på samhandling og leik
- * Gi melding til kontaktlærer dersom ein har mistanke om mobbing.

Samarbeid skule/barnehage/SFO og heimane

- * Eininga skal syte for at alle foreldre og elevar er godt kjend med handlingsplanen mot mobbing.
- * Alltid ta opp dette emnet på foreldresamtale
- * Eininga skal informere FAU og SU, samt helsesøster og PPT om handlingsplanen.
- * Gi nemnde organ orientering om det psykososiale miljøet på eininga.
- * Arrangere foreldremøte der ein leiger inn fagfolk til å belyse emnet.
- *

Avdekking av mobbing

For å kunne avdekke om mobbing skjer er det viktig at alle partar tek eit ansvar med å seie frå dersom ein ser, eller har mistanke om at mobbing går føre seg.

Leiinga skal:

- * Syte for at alle partar er gjort kjend med handlingsplanen mot mobbing.
- * Gå gjennom planen ved starten av eit nytt arbeidsår.
- * Syte for at saker vert handsama i tråd med gjeldande regelverk.
- * Skuleleiinga skal ha regelmessig kontakt med sjåførane på skulebussen med tanke på å avdekke mobbing.

Alle tilsette ved eininga skal:

- * Straks informere kontaktlærarar eller pedagogisk ansvarleg/styrar ved mistanke om mobbing.

Kontaktlærar skal:

- * Bevisst bruke elevsamtalar og foreldrekontakt, både formell og uformell, for å avdekke evt mobbing.
- * Rapportere til leiinga dersom mobbing vert avdekket.
- * Rapportere til foreldre dersom ein ser, eller har mistanke om at elevar vert mobba. Informasjon om rettar knytt til §9 a skal bli gitt til foreldra.

Eleven skal:

- * Ta kontakt med kontaktlærar, helsesøster eller ein annan vaksen dersom dei sjølve eller andre blir mobba.

Foreldre skal:

- * Ta kontakt med skulen eller barnehagen dersom dei ser, eller har mistanke om at barnet deira blir mobba. Dette bør gjerast skriftleg.
- * Seie frå dersom dei ser at andre barn/elevar blir mobba.
- * Minne egne elevar på kva haldningar dei bør ha for å skape eit godt psykososialt miljø.

Problemløysing

Geiranger skule skal avklare og ta tak i ein oppstått mobbesituasjon så raskt som råd. Målet må vere at ein kan løyse vanskar på eit lavast mogleg trinn.

Trinn 1:

Når kontaktlærer sjølv observerer, eller får melding frå andre om mistanke om mobbing, skal han straks informere skuleleiinga om dette. Leiinga pliktar å handsame dette i tråd med Forvaltningslova. Rektor avgjer om det skal gjerast enkeltvedtak i saka, og dette skal evt sendast til dei som er involverte i saka.

Dersom elevar eller foreldre melder ei sak, skal det gjerast enkeltvedtak.

Kontaktlærer skal ha melding om enkeltvedtak og sette i verk følgjande tiltak:

- * Samtale med den/dei som kjenner seg mobba. Klargjere kva som har skjedd. Gi signal om kva han vil gjere vidare og avtale tid for nytt møte.
- * Kalle inn «motparten» til samtale og be denne legge fram sin versjon av kva som har skjedd. Avtale kva som skal skje vidare og tid for nytt møte. (dersom denne eleven går i ei anna klasse, vil dette skje via kontaktlærer i den klassen)
- * Informere foreldra til dei som er involverte i saka.
- * Gjere ein avtale mellom partane om ei muleg løysing. Klargjere konsekvensar og oppfølging.
- * Saksgangen vert journalført av kontaktlærer

Trinn 2:

Dersom saka ikkje vert løyst med dette, vert skulen si leiing kobla inn.

Ansvar for å føre saka vidare ligg no på leiinga i lag med kontaktlærer.

Rektor har ansvaret for at saka vert journalført.

- * Møte med foreldra til den/dei som føler seg mobba.
- * Møte med foreldra til den/dei som er anklaga for mobbing
- * «Meklingsmøte» med elev-partane.
- * Fellesmøte med dei to foreldrepertane
- * Fellesmøte elevar-foreldre. Kome fram til klare avtalar.
- * Tett oppfølging av elevar i friminutta

Trinn 3:

Dersom det er behov for kompetanse utover det skulen rår over, vert følgjande tiltak vurdert:

- * Samarbeid med skulehelsetenesta, PPT, sosialtenesta, barnevern. Jfr. § 15.3 og § 4 i Opplæringslova

Problemløysing – barnehage

1 Dersom tilsette registrerer mobbing (utestenging) over tid:

– Tilsette som registrerer situasjonane tek dette opp med styrar, evt. anna personalet.

– Vi observerer og skriftleggjer bekymringa.

Personalgruppa vurderer om det er systemet eller barnet/barna som er «problemet».

Kan vi skape situasjonar der «offeret» vert populær?

– Foreldresamtale

– Søke ekstern rettleiing

2 «Her og no situasjon»

Dersom ein opplever at eit barn, med bakgrunn i kommentarer, eller fysiske handlingar, vert såra og ikkje greier å forsvare seg.

– Gå inn i situasjonen.

– Gi støtte til den som vert såra/mobba.

– La barna få forklare seg.

– Informere resten av personalgruppa. Pedagogisk ansvarleg avgjer om situasjonen skal formidlast til foreldra i hente/bringe situasjon.

– Vaksne er «tett på» barna i den frie leiken i etterkant av situasjonen.

– Dersom problemet gjentek seg – foreldresamtale - evt. søke ekstern rettleiing.

Gjennom heile denne prosessen er det viktig at eininga gir klare signal om null toleranse for mobbing, og at nye tiltak vert sett iverk så lenge problemet er der.